



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Avinor AS

Pb 150
2061 Gardermoen

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2007/679	2400/2007	L12	SVK/ US	20.03.2007

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGULERINGSPLAN FOR
FLYPLASSOMRÅDET OG FURENE 1**

Vi melder med dette frå at ”UTVAL” den , hadde føre ovannemnde som sak ”saksnr.”, der det vart gjort slikt vedtak:

Sakutgreinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

sekretær

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2007/679

Arkivkode: L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/07	Det faste planutvalet	19.03.2007

REGULERINGSPLAN FOR FLYPLASSOMRÅDET OG FURENE 1

Administrasjonen si tilråding:

1. *Det faste utval i plansaker, DFP, gjer om inkje sitt vedtak i sak 0042/06.*
2. *DFP - sluttar seg til dei vurderingar og konklusjonar som AG Plan og Arkitektur as har gjort i høve innspel /merknader til planarbeidet, så langt det gjeld planområdet i Volda kommune, slik det no er presentert i oversending frå Avinor i brev av 15.02.2007.*
3. *Planframlegget, slik det framgår av plandokument frå AG Plan og Arkitektur as - plankart, planomtale og føresegner datert 09.02.2007, vert fremja og blir å legge ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27-1 nr. 2.*
4. *DFP- vil først ta standpunkt til kryssløysing for "Torvmyrvegen" i Furene etter offentlig ettersyn, og planen vert på dette punkt lagt ut i to alternativ.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Det faste planutvalet - 19.03.2007

1. *Det faste utval i plansaker, DFP, gjer om inkje sitt vedtak i sak 0042/06.*
2. *DFP - sluttar seg til dei vurderingar og konklusjonar som AG Plan og Arkitektur as har gjort i høve innspel /merknader til planarbeidet, så langt det gjeld planområdet i Volda kommune, slik det no er presentert i oversending frå Avinor i brev av 15.02.2007.*
3. *Planframlegget, slik det framgår av plandokument frå AG Plan og Arkitektur as - plankart, planomtale og føresegner datert 09.02.2007, vert fremja og blir å legge ut til offentlig ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27-1 nr. 2.*
4. *DFP- vil først ta standpunkt til kryssløysing for "Torvmyrvegen" i Furene etter offentlig ettersyn, og planen vert på dette punkt lagt ut i to alternativ.*

Vedleggsliste:

1. DFP-sak 0042/06 – 21.08.2006
2. Avinor brev av 15.02.2007
3. Plandokument datert 09.4.02.2006

Saksopplysningar:

Det faste utval i plansaker handsama den 21.08.2006 i sak 0042/06 framlegg til reguleringsplan for ”Flyplassområdet med deler av Furene1”, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Det faste utval i plansaker, DFP, sluttar seg i hovudsak til dei vurderingar og konklusjonar som AG Plan og Arkitektur as har gjort i høve innspel /merknader til planarbeidet, så langt det gjeld planområdet i Volda kommune. Planframlegget slik det no er presentert i oversending frå Avinor i brev av 07.06.2006, i plandokument frå AG Plan og Arkitektur as - plankart, planomtale og føresegner datert 04.05.2006, vert fremja og blir å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27-1 nr. 2.*
2. *Planutvalet ynskjer imidlertid at trasevalet frå tunnelen til rundkøyringa vert lagt lenger mot aust. Dette for så langt som mogleg å ta vare på etablert landbruks- og buområde.*
3. *Likeeins er planutvalet ikkje nøgde med avkøyrsløse frå noverande E39 til Torvmyrvegen og ber om at andre trafikkale løysingar vert vurdert.*

Saksutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Reguleringsframlegget har samband med krav til nye forskrifter knytt til tryggleik ved flyplassar, og der Avinor as har varsla at det er behov for endringar av reguleringsplan for området ved flyplassen for å sikre grunnlag for innarbeiding av dei endra sikringskrav som no skal bli gjeldande. Dette gjeld både tiltak knytt til fysisk utforming av rullebaner og sikringssoner og endringar i støysonevurderingar som dei endra forskriftene føreset. Firma AG Plan og Arkitektur as er engasjert av Avinor as til å stå for planarbeidet, som vert gjennomført som ”privat” reguleringsarbeid etter reglane i Plan og Bygningslova §30.

Etter at vedtak i DFP-sak 0042/06 var gjort, har ein avventa handsama av tilsvarande sak i Ørsta kommune, for dei deler av plan som ligg på deira side av kommunegrensa.

Dette har teke tid å få fram, både grunna behov for avklaringar knytt til restriksjonar for eksisterande og framtidig bebyggelse i området, og ut frå uavklarte tilhøve knytt til sikringssoner.

Nye krav til utstrekning av sikringssoner har kome til, og avinor har fått utarbeidd justert plan som følgje av dette. Desse endringane er også gjort av firma AGplan etter oppdrag frå Avinor.

Etter som flyplassen ligg i Ørsta kommune er storparten av reguleringsarbeidet knytt til tiltak/restriksjonar knytt til endring av planar der. I Volda kommune er det i hovudsak problemstillingar knytt til tryggleik med omsyn til innflygingsområda og støysoner som vert endra ved dei nye forskriftene. Det er såleis ikkje planlagt vesentlege nye fysiske inngrep i desse områda ut frå omsyn til flyplassutvidinga isolert sett.

Planendringa gjev endring i følgjande planar i Volda: ”Reguleringsplan Furene 1” og reguleringsplan ”E39 Eiksundsambandet- Kryss Furene”.

Som det framgår av sak 0042/06 vart ny tilkomst til flyplassområdet frå Furene teke inn i plan, saman med planlagt vidareføring av veg til Volda sentrum med tunnel.

I vedtak i saka var det teke atterhald om kryssløysing for dette vegsystemet, jf. Pkt 2 og 3, der det heiter:

2. *Planutvalet ynskjer imidlertid at trasevalet frå tunnelen til rundkøyringa vert lagt lenger mot aust. Dette for så langt som mogleg å ta vare på etablert landbruks- og buområde.*
3. *Likeeins er planutvalet ikkje nøgde med avkøyrsløysing frå noverande E39 til Torvmyrvegen og ber om at andre trafikkale løysingar vert vurdert.*

Når ein no likevel måtte oppjustere planframlegget har ein teke høgde for desse føresetnadane og søkt å justere plan.

Linjeføringa for stamvegglina mot Volda er såleis justert noko mot aust, bort frå tunet på gnr 14 bnr 4.

Vidare er det vist to alternativ for kryssløysing for Torvmyrvegen. Eit som er likt tidlegare framlegg med avkøyrsløysing frå dagens E39 vest for rundkøyringa, og eit nytt framlegg med T-kryss ut frå framtidig E39 sør for rundkøyringa.

Eg vurderer begge alternativa som godt tenlege og innanfor gjeldande dimensjoneringsreglar.

Alternativ 1 har den klare fordel at det vil gje god kommunikasjon mellom dei to industriområda i Ørsta og Volda, og ein god trase for kollektivtrafikk uavhengig av E39. Dette vil og gje enkel kryssløysing langs E39, og skilting vert enkelt å få på plass. Hovudtrafikken vil verte leia inn på E39 mot Ørsta, og ein vil unngå unødvendig trafikk over Torvmyrvegen. Dette har også betyding for trafikkmengda på denne som kryssar Hjortetrekket i området i plan.

Alternativ 2 gjev mindre beslag på dyrka/dyrkbar mark i området, men gjev meir blanda trafikk på E39, og eit meir komplisert kryss og trafikkbilete. Alternativet vil og legge til rette for ein større grad av uønskt gjennomkøyring i Torvmyrvegen.

Konklusjon:

Eg har gjennomgått planframlegget som no er presentert gjennom rapport frå AG Plan og Arkitektur as Planframlegget, plankart, planomtale og føresegner datert 04.05.2006, og desse er og drøfta gjennom i administrativt planforum.

Eg finn å kunne gje tilslutnad til dei vurderingar og konklusjonar som AG Plan og Arkitektur as har gjort i høve innspel /merknader til planarbeidet, så langt det gjeld planområdet i Volda kommune.

Eg vil såleis rå til at planframlegget slik det no er presentert i oversending frå Avinor i brev av 15.02.2007, i plandokument frå AG Plan og Arkitektur as, plankart, planomtale og føresegner datert 09.02.2007, vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27-1 nr. 2.

Når det gjeld kryssløysing for "Torvmyrvegen" i Furene finn eg at begge alternativ vert vurdert ved offentleg ettersyn, og at ein først tek stilling til dette etter at høyring er gjennomført.

Eg legg til grunn at vidare planhandsaming i Volda og Ørsta kommunar vert samordna og at offentleg ettersyn skjer samla.

Det faste planutval sitt vedtak i sak 0042/06 frå møte den 21.08.2006 vert å gjere om inkje.

Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Utskrift til:

Planseksjonen for utlegging til offentlig ettersyn, jf. pbl §27-1, nr. 2

Kopi:

Avinor

Ørsta kommune

AG Plan og Arkitektur as